



## MØTEPROTOKOLL

<b>Utval:</b>	Formannskapet
<b>Stad:</b>	Herøy rådhus, Formannskapssalen
<b>Dato:</b>	05.11.2013
<b>Tid:</b>	13:30 – 16:00

---

### Medlemer som møtte:

Kjell Runde	Medlem	FOLK/SP
Arnulf Goksøy	Leder	H
Tor-Sindre Steinsvik	Medlem	H
Ann-Kathrin (Tine) Storøy	Medlem	H
Margaret Leinebø	Medlem	H
Karly Ingunn Teige	Medlem	FRP

---

### Forfall:

Camilla Storøy Hermansen	MEDL	KRF
Olaug Andreassen	MEDL	AP
Per Kristian Furø	MEDL	AP

---

### Varamedlemer som møtte:

Ole Brubakk	Camilla Storøy Hermansen	KRF
Henry Jøsokbakke	Per Kristian Furø	V
Reidun S Myrvågnes	Olaug Andreassen	AP

---

### Andre:

Berit Lyngstad, NAV  
Geir-Egil Olsen, økonomileiar

Til å skrive under møteboka saman med ordføraren vert valde:  
Karly Ingunn Teige og Reidun Myrvågnes

Sakene vart handsama i slik rekkefølge: F-sak 184/13, 185/13 og 183/13.

Til slutt i møtet vart det orientert om:

- Budsjettprogrammet Arena Norge, v/økonomiavdelinga Geir Egil Olsen.
- Herøy vidaregåande skule, evt. nedlegging av tømrrarlinje v/ordførar Arnulf Goksøy
- Politianmeldelse - delegasjon frå ordførar til rådmann.
- Tussa

---

underskrifter

Karly Ingunn Teige

Arnulf Goksøy  
ordfører

Reidun Myrvågnes

## OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 179/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 180/13	Protokoll frå førre møte
PS 181/13	Delegasjonssaker
PS 182/13	Referatsaker
PS 183/13	Budsjett 2014 og Økonomiplan 2014-2017. Første handsaming
PS 184/13	Prinsippvedtak om bruk av startlån til toppfinansiering
PS 185/13	Søknad om startlån
	Delegasjonssaker frå avdelingane
DS 44/13	Delegert vedtak - sal av gnr. 12 bnr. 288 - Remøy hamn
DS 45/13	Søknad om utvida skjenketid - Oktoberfestival 18.10.-20.10.2013
	Referatsaker
RS 41/13	Kommunedelplan Trafikktrygging 2013-16 - offentlig ettersyn

## **PS 179/13 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

### **Møtebehandling:**

Ingen hadde merknader til innkalling og sakliste.

Sakene vart handsama i slik rekkefølge:

F-sak 184/13, 185/13 og 183/13.

## **PS 180/13 PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE**

### **Møtebehandling:**

Protokoll frå førre møte låg føre.

## **PS 181/13 DELEGASJONSSAKER**

### **Møtebehandling:**

Delegasjonssaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

## **PS 182/13 REFERATSAKER**

### **Møtebehandling:**

Referatsaker frå avdelingane låg føre og vert tekne til vitande.

## **PS 183/13 BUDSJETT 2014 OG ØKONOMIPLAN 2014-2017. FØRSTE HANDSAMING**

### **Møtebehandling:**

Økonomileiar Geir Egil Olsen møtte og orienterte i saka.

### **Vedtak i Formannskapet - 05.11.2013**

Formannskapet tek saka til vitande og ber administrasjonen arbeide vidare med budsjettprosessen.

## PS 184/13 PRINSIPVEDTAK OM BRUK AV STARTLÅN TIL TOPPFINANSIERING

### Møtebehandling:

Berit Lyngstad, NAV, møtte i saka.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteke.

### Vedtak i Formannskapet - 05.11.2013

Startlån kan innvilgast etter søknad til privatpersonar når ein enten er (A) varig vanskelegstilt på bustadmarknaden eller har ein (B) utilfredsstillande bustadsituasjon. Begge kriteria er gjenstand for skjønn, men skal vere behovsprøvd. Basert på erfaring med søknadar av startlån er det nokre målgrupper som kan definerast direkte, utan å avgrense romet for skjønn i andre saker.

(A) **Varig vanskelegstilt** på bustadmarknaden er spesifisert til å omfatte fylgjande målgrupper:

1. Unge fyrstegangsetablerarar 34 år eller yngre.
2. Arbeidsinnvandrarar og flyktningar

*Desse to målgruppene kan få toppfinansiering under føresetnad av at ein kvalifiserer til resterande lån i bank, og har betalingsevne til heile låneopptaket. Unntak; det gis ikkje startlån dersom søkar har hatt fast inntekt i meir enn fem år, utan å nytta minst eit år eller meir til å etablere eigenkapital på ein strukturert måte.*

- *Sparing i BSU eller faste innskott/kapitalvekst på sparekonto er eit døme på strukturert sparing til eigenkapital.*
- *Fast inntekt er definert som lønn i 80% stilling eller meir.*

3. Bustadeigar som treng refinansiering av dyre lån som står i fare for å miste bustad.

*Målgruppe 3 kan innvilgast startlån fullt ut, under føresetnad av at ein kan betene låneopptaket.*

(B) **Utilfredsstillande busituasjon** er spesifisert til å omfatte fylgjande målgrupper:

1. Leigetakarar eller bebuarar i kommunale bustadar.
2. Leigetakar eller eigar av ein utilfredsstillande bustad

Desse to målgruppene kan få startlån fullt ut, under føresetnad av at ein kan betene låneopptaket. Målgruppe 2 skal ha stadfesta sin bustadsituasjon av ein uavhengig tredjepart, som til dømes NAV eller Helsestasjon.

(C) Søknadar som ikkje fell inn under A eller B skal handsamast etter Husbankens til ein kvar tid gjeldande vegleiar for startlån. Dersom A eller B kjem i konflikt med Husbankens gjeldande vegleiar, gjeld vegleiaren.

Det skal ikkje skiljast mellom EØS-borgarar eller nordiske borgarar so lenge dei har lovleg opphald i Noreg.

Startlån skal berre gå til bustadformål innanfor kommunegrensene til Herøy kommune.

Verknadstidspunkt 15. november 2013. Søknadar som ligg inne til handsaming før denne dato skal politisk handsamast.

**PS 185/13 SØKNAD OM STARTLÅN**

**MØTET SLUTT KL: 16:00**